



Odd Helge Solberg
Keilegavlsvegen 46
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3628 - 18/18035

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2018

Ferdigattest for tilbygg - gbnr 125/56 Kjeilen

Administrativt vedtak. Saknr: 283/18

Tiltakshavar: Odd Helge Solberg

Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.12.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.06.2018.

Skildring

Adresse:	Keilegavlsvegen 46
Bygningstiltak:	Tilbygg
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	54,70 m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til bustad på gbnr 125/56. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3628

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS
Odd Helge Solberg

Postboks 103 5291
Keilegavlsvegen 46 5953

VALESTRANDSFOSSEN
FONNES